



9

Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune
/samferdselsavd.
Postboks 7900
5020 BERGEN

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Per Steinar Nedkvitne - <tomt>

Vår referanse:
2015/022744-015

Dykkar referanse:

Vår dato:
22.04.2015

Statens vegvesen si handsaming av klage på avslag om avkøyrslø og dispensasjon frå byggegrense - fv. 554 - gnr. 193 bnr. 33 - Nedre Sæbø - Kvinnherad kommune

Dokument i saka:

	Ref.nr:	Dato:	Tittel på dokument:	Frå:
9	2015022744-10	31032015	Klage på avslag - Avkøyrslø / Dispensasjon frå byggegrense - fv. 554 - gnr. 193 bnr. 33 - Nedre Sæbø - Kvinnherad kommune	Jarle Landa
8	2015022744-9	06032015	Utsett klagefrist - Ref. 2015/022744-002	Statens vegvesen
7	2015022744-8	06032015	Utsetting av klagefrist - Avkøyrslø / Dispensasjon frå byggegrense - fv. 554 - gnr. 193 bnr. 33 - Nedre Sæbø - Kvinnherad kommune	Jarle Landa
6	2015022744-7	04032015	Orientering om saksgang i høve avkøyrslø og dispensasjon frå byggegrense	Statens vegvesen
5	2015022744-5	04032015	Svar på forslag til parkering	Statens vegvesen
4	2015022744-4	02032015	Forslag til parkering - Avkøyrslø / Dispensasjon frå byggegrense - Fv. 554 - gnr. 193 bnr. 33 - Nedre Sæbø - Kvinnherad kommune	Jarle Landa
3	2015022744-3	27022015	Angående avslag på avkøyrslø / dispensasjon frå byggegrense - Fv. 554 - gnr. 193 bnr. 33 - Nedre Sæbø - Kvinnherad kommune	Jarle Landa
2	2015022744-2	24022015	Avslag på søknad om avkjørsle og dispensasjon fra byggegrense - Fv. 554 - gnr. 193 bnr. 33 - Nedre Sæbø - Kvinnherad kommune	Statens vegvesen
1	2015022744-1	20022015	Søknad om avkjørsel og dispensasjon fra byggegrenser - Fv. 554 - gnr. 193 bnr. 33 - Nedre Sæbø - Kvinnherad kommune	Jarle Landa

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Flyplassvegen
5705 VOSS

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:

Saksinformasjon:

Saka gjeld avkøyrslе for tilkomst og bruksendring av eksisterande bygg til bustad og påbygg til bustad , gnr. 193 bnr. 33 i Kvinnherad kommune. Eigedomen i dag er ein næringsеigedom . Tiltakshavar er Jarle Landa.

Eksisterande avkøyrslе tilfredsstillеr ikkje dagens krav til avkøyrslе. Når Statens vegvesen skal vurdera søknad om avkøyrslе, legg me til grunn avkøyrslа sin svingradius, frisikt og stigning. I tillegg skal det vera snuareal på eigen еigedom, slik at bil ikkje skal rygge inn eller ut på fylkesvegen.

Langs fylkesvegen er det overkøyrbar gang-/sykkelfelt, markert med stiplа kvit linje, slik at fylkesvegen vert vurdert som ein 1-feltsveg.

ÅDT = 1800 (2013 tal)



Rammeplanen:


I “Rammeplanen for avkøyrslеr og byggjegrеnser” er fv.544 ført opp med haldningsklasse 2 (gul), som er ein streng haldningsklasse, der byggjegrеnsa er 50 meter frå vegmidte til næraste bygningsdel.

Kommunen sin arealplan.

Eigedomen ligg like utanfor reguleringsplanen for Søbøvik og mellom reguleringsplanen for utvida fylkesveg (vedteken 2005). Reguleringsplanen for fylkesvegen gjer også inngrep i det som er i dag er brukt til parkering. Eigedomen er såleis inneklemt mellom to reguleringsplanar, og ingen av dei har vist løysing med omsyn til avkøyrslе.



Utsnitt av kommunedelplanen




Utsnitt av reguleringsplanar

Statens vegvesen avsto søknaden om avkøyrsla i skriv datert 24.02.2015 med grunngjeving at den eksisterande avkøyrsla/parkeringsplass oppfyller ikkje dagens krav og vi kunne heller ikkje sjå at det er mogeleg å få dette til ut i frå det som er beskrive i søknaden. Kvinnherad kommune har ikkje handsama tiltakshavar sin søknad om planendring i høve reguleringsplanen for utvida fylkesveg (vedteken 2005).

Når det gjeld dispensasjon frå byggjegrensa til tiltaket har Statens vegvesen vurdert det slik at dette kunne løysast under føresetnad at tiltaket følgjer opp krava i TEK 10. Bygget ville ikkje koma nærare fylkesvegen enn andre bygg i området. Men for at vegvesenet skal kunne gje løyve til bruksendring og påbygg må eit godkjent alternativ til adkomst ligga føre.


Klage frå tiltakshavar og Statens vegvesen si vurdering av klage::

1. Meiner at vegvesenet samanliknar denne søknaden med eit tidlegare avslag. Det galt utvida bruk av avkøyrsla og ikkje som denne som vil bety mindre trafikk.
 - *Det er 2 ulike saker, men ein kjem ikkje bort i frå at dei kan samanliknast når det er same bygning som skulle ha avkøyrsla. Det er krav til at det skal vera godkjend avkøyrsla, men vi er samd i at bustader ikkje genererer så stor trafikk som til ein forretning.*
2. Meiner at sakshandsamar frå Statens vegvesen på den førre søknaden uttrykte at det ikkje ville vera noko problem å få godkjend omdisponert bygninga frå forretning til bustadføremål (1 bustadeining)
 - *Vi kan ikkje sjå at det ligg skriftleg dokumentasjon på dette.*
3. Meiner at det ikkje har vore synfaring eller kontakt med tiltakshavar under handsaminga av saka.
 - *Sakshandsamar er godt kjend på staden og kjenner godt til trafikkforholda. Var sakshandsamar ved riving og bygging av nytt bustadhus på naboeigedomen.*
4. Tiltakshavar meiner at det berre vart vist til reguleringsplanen for utviding av fylkesvegen og ikkje til grensemerke under synfaring 26.03.2015. Det vart heller ikkje frå Statens vegvesen foreslått eller forsøkt å få til noko løysing.
 - *Reguleringsplanen for utviding av fylkesvegen har juridisk bindande føremålsgranse som det vart vist til. Det er ikkje vist avkøyrsla til denne eigedomen i planen, slik det er vist til andre eigedomar som har avkøyrslar til fylkesvegen.*



Eksempel på viste avkøyrslar i reguleringsplanen

5. Naboegedomen har fått nytt grensemerke og at desse er i samsvar med reguleringsplanen.
 - *I samband med nytt bygg på naboegedomen vart det sett opp ein tørrmur for å sikra fylkesvegen mot utgliding. Tørrmuren vart sett opp i reguleringsgrensa, men eigedomsforholda vart ikkje endra. Det nye grensemerke var sett ned igjen i eksisterande grense*



6. Det finns ikkje alternativ til eksisterande avkøyrslar og dette er einaste tilkomst til bygninga. Det er plass til to bilar langs bygget utan å rygge korkje inn eller ut av vegen for å parkera. I tillegg er det mogeleg å byggja garasje i ein del av det eksisterande bygget.
 - *Statens vegvesen kan ikkje sjå at det her er mogeleg å få til ei avkøyrslar etter våre krav i handbøkene N100 og V121 til denne eigedomen. Det vert sett krav til minimum 2 bilar pr. buening, d.v.s. 4 bilar. For å nytta eksisterande bygg til garasje må ein nesten nytta heile etasjen for å få dette til. Vi har heller ikkje merknader til at bygget vert omdisponert til bustader under føresetnad at det kan stillast tinglyste parkeringsplassar til disposisjon i nærleiken til eigedomen.*
7. Refererer til Lovdata.no – Forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg, der det under pkt.4. står:

«Avkjørselen må byggjes slik at det er god oversikt i vegkrysset og slik at den fører til minst mulig ulempe for trafikken på den offentlige veg. Så vidt mulig skal avkjørselen legges vinkelrett på den offentlige veg.»

Viser elles til:

«Sirkelradien vert fastsett av regionvegkontoret i det enkelte tilfelle idet det tas hensyn til bruken av avkjørselen og forholdene for øvrig. Radien skal normalt være minst 4 meter.»

og til:

«Regionvegkontoret kan gi nærmere anvisning om utforming og bygging av avkjørsel og kan sette spesielle vilkår for tillatelse til avkjørsel. Under særlige forhold kan regionvegkontoret gjøre unntak fra reglene foran. Det kan også bestemmes at andre

mål skal brukes enn de som i disse regler er oppgitt som maksimums- og minimumsmål.»

- *Vi (Regionvegkontoret) kan som lovdata viser til, setja spesielle vilkår og gjera unntak frå reglane (våre håndbøker). I denne saka må ein ta omsyn til gjeldande reguleringsplan for fylkesvegen og det seier seg sjølv ar det ikkje er mogeleg å få til tilfredsstillande avkøyrsla til eigedomen.*

Vi kan elles visa til den same forskrifta i lovdata.no, der det står:

«Dersom avkjørselen er adkomst til garasje, forretning eller driftsbygning eller regelmessig nyttes til bilkjøring, må det utenfor vegområdet innrettes snuplass slik at rygging ut på veggen unngås.»

Merknad frå andre partar:


Ingen.

Viser elles til vedtak om avslag på søknaden om avkøyrsla og dispensasjon frå byggjegrænse, datert 24.02.2015, og kan ikkje sjå at det er kome til nye moment som ville føra til endring av vedtaket.

Plan og forvaltning Voss og Hardanger

Med helsing


Carl Erik Nielsen
seksjonssjef


Per Steinar Nedkvitne